



Hor(g)berget, Hor(g)vika og Sandhorg.

Horberget (eldre kart) alias Hårberget lengst søraust på Hinnøya er grense-fjell å kalle mellom Hol sokn i Tjeldsund k. i Nordland og det gamle Trondenes (no Harstad k.) i Troms. - Om Sandtorg, sjå seinare. Fjellet ligg svært fritt og er derfor eit naturleg grensemerke. Det er ein knapt 400 m høg fjellkole, jamt avrunda til alle kantar, som er skoren laus frå Hinnøy-fjella på nordvestsida ved den såkalla Hår- eller Horvikhalsen. Så heiter det då og på samisk Hoal'ma-varri «Holmfjellet»: fjellet som ligg for seg sjølv, som ein holme.

På vestsida av fjellet ligg matrikkelgarden (grenda) Horvika = Hårvika, tra-disjonelt uttalt med kort å. Skrivemåten med å, som naturleg vil bli lesen med lang å, er derfor uheldig. Men skrivemåten med o har visstnok ikkje vore udelt populær i ny tid, endå han så menn er århundregammal.

Det ingen ser ut til å ha festa seg ved, er at det nyss omtalte fjellet truleg gir løysinga på den namnegåta som ligg i førsteleddet Hor-: Alt i Aasens ordbok er det peika på at horg (som hokjønnsord) på Voss er nytta som nemning for «Bjergknold, Bjergtop (mest som Navn paa enkelte store Fjelde)». Og Norsk Stadnamleksikon fortel om ein ganske utbreidd bruk av denne nemninga, især på Vestlandet, gjennom namn som Horga, Horgi, Horg(j)o, mens Horgen (av horg + vin) er gardsnamn 8 stader på Austlandet, då oftast med uttalen «hørjen». Best kjent for vegfarande i vår tid er likevel gardsnamnet Horg i Melhus i Sør-Trøndelag, som opphavleg må ha vore

Andøy), Harvollen (i Ballangen og to stader i Bø) og truleg fleire. Varian-tar utan framlyds-h finst visst og.

I denne samanhengen viser namnet Horvika seg litt gåtefullt. Vi har rett nok ikkje heilt alderdommelege skrivemåtar å vise til, men ei avvikande form frå 1500-talet er nettopp Harawig (NRJ III 199), og seinare får vi Har-uigen 1616 (to gonger) og i 1661. Men sidan eg ikkje har leita systematisk etter slike variantar på eiga hand, vil eg vere varsam med mine forklar-ingsforsøk her. I 1610 heiter det i alle fall Horuigen, og etter den tid er visst formene med både o og aa godt representerte.

Det nyss nemnte terrengordet har (inkjekjønn) ville gje fleirtal høyr med regelrett genitiv hara. Det er berre vanskeleg å forstå kva anna enn nettopp Horberget som skulle vere grunnlaget for eit slikt namn - og det er etter mi meining ei ganske typisk horg, ikkje minst sett frå Hov på Tjeldøya. Dei namna med førsteledd Har- som eg har nemnt, er knytte til langt mindre landemerke. Ei anna sak er at det her må vere tale om verkeleg utgamle namn, frå ei tid då den nære språklege samanhengen (slektskapen) mellom har og høyrgr var ei sjølvsegn, og såleis kunne kanskje uttalevariantar med spor etter begge orda halde seg ganske lenge. Overtydande er dette likevel ikkje.

Kor som er: Garden i austerenden av Hor(g)berget heiter Sandtorg, tradi-sjonelt uttalt utan utlyds-g. Dei eldste skriveformene er i Sandtorghe (1321), i Sandþorghom, nest Sandtorghom, i Sandtorge. Frå 1567 og vidare får vi skriveformer med -(h)orff o.l. Det viser greitt nok at sisteleddet er blitt opp-fatta som norsk torg n.

Men faktisk ville opphavlege namnetormer *Sand-hørgi og -hørgum natur-leg bli oppfatta på den måten som dei eldste skrivevariantane viser, på ei tid då Sand- endå hadde halden d (før palatalisering og assimilasjon til nn). At *Sandhørg blei til Sandtorg har då og ein parallell i dette at nynorsk hedna «hovudhår, hovudhud, hovudskinn», brukt i samansett form hovud-hedna, er blitt til «hau(v)-tenna» på våre kantar.

Det er altså mi meining at Hor(g)vika like så vel som *Sandhorg har fått namn av Hor(g)berget som vel opphavleg må ha heitt nettopp *Sandþorgr. «fallþorgr» og

Flakstad, skrive Horberg t.d. 1667. Her er det liten tvil om at den noverande skrivemåten med å på kart må ha påverka folk til meir og meir å nytte lang å, og slik kan det komme til å gå med Hårberget og Hårvika ved Sandtorg med. Men parallelt med desse namna vil eg også drage inn Bor(g)holmen i Stø i Øksnes - tidlegare ein kjend utrorsstad. Også her var vokallengda mykje skiftande, så vel som skrivemåten (o, aa/å). - Gardsnamnet Bergvika i Hadsel blir uttalt utan g, uttalen av gardsnamnet Søberg i Bø var på liknande vis Søber, og Dverberg på Andøy gjekk for Tverber.

Trykt i Håloygminne 1986.